

Hola desde España

(Hallo frå Spania)

Hei alle saman! Vi er tre jenter som går vg2 helsefagarbeidar på Ørsta vidaregåande. Vi har vore så heldige og fått 3 veker praksis på Solgården i Spania. No skal vi fortelje litt om reisa vår ned og om kva vi har fått oplevd etter den første veka vår.




25. oktober var vi endelig klare til å reise! Dette hadde vi gleda oss lenge til. Etter 4 timar med skravling, nervøsitet, kvalme, mageverk og hovudverk på flyet sette vi endeleg våre bein på spansk jord! I det vi gjekk ut av flyplassen var det som å gå i en vegg med 24 grader og klam luft. Jaja, varmare enn heime vertfall, tenkte vi! Vi fekk vinka til oss ein taxi, men ikkje kva som



helst taxi. Joda, den minste taxien på heile flyplassen med en spanjol som ikkje kunne eit kvekk engelsk. Flotte greier.. Vi hadde en koffert og en bag kvar, så det å få pressa inn all bagasjen i den minitaxien såg vi på som umogeleg. "No problem, no problem", sa taxisjåføren og såg lyst på heile greia. Tross i alt det

umogelege, klarte han til slutt å presse inn alt, og vi sette kursen mot Solgården! Vi vart tatt godt imot av alle som jobbar der og fekk ei god omvisning på området. Vi vart tildelt ei stor og flott leilegheit ved sidan av den Norske Sjømannskyrkja.

Første helga hadde vi fri og vi brukte tida på å verte kjende med staden og omgivnadane. Vi har vore på shoppingtur i Benidorm på eit kjøpesenter som heitte La Marina. Det var kjempestort med mange forskjellige butikkar og på toppen av senteret var der diverse restaurantar. Vi har og utforska strandpromenadan i Villajoyosa. Stranda var lang og fin, og langs stranda var der små butikkar og restaurantar der vi åt lunsj og kjøpte oss ein kaffi.



Dorthea, Maria & Astrid på vei ned til strandpromenaden i Villajoyosa



Astrid & Dorthea



Marianne & Maria

Så kom mandag morgonen og vi var klare til vår første dag på jobb. Vi fekk utdelt eit hefte om Solgården og fekk ei omvising. Første dagen gjekk mest ut på å utforske området og verte kjende med kollegaer og gjester. Så langt denne veka har vi fått utdelt små, enkle arbeidsoppgåver som hjelp med ausedropar, smørjing av føter, hjelp med støttestrømper og hjelp til dusj. Sidan gjestane her på Solgården er svært sjølvhjelpete, treng dei ikkje så mykje hjelp. Elles har Solgården mange utflukter og turar rundt til forskjellige sjåverdigheterar her i nærområda. Då har Solgården eigen buss og guide. Vi har vore på med på ein tur til Guadalest, som er ein liten by lokalisert opp i ei fjellside.



Dorthea klar for første dag på jobb

Så langt trivast vi svært godt her på Solgården og gledar oss til resten praksisen.

Helsing frå



Maria Brunstad, Astrid Giske & Dorthea Hermansen